

# Landbruks- politisk konferanse


20. mars 2017  
i Stavanger  
Clarion hotel Stavanger



Foto: NIBIO

## Klimasmart landbruk - Parisavtalen ned på jorda

Innlegg, diskusjon, spørsmål debatt og godt klima for kakling, rauting og mingling.



Ikkje meir enn 2  
grader varmare!



FYLKESMANNEN  
I ROGALAND



ROGALAND  
FYLKESKOMMUNE



SAMARBEIDSRÅDET  
for landbruksorganisa-  
sjonene i Rogaland



NHO

# Landbrukspolitisk konferanse

20. mars 2017, Clarion hotel Stavanger

Teknologi har alltid vore ein av hovuddrivarane i landbruket og blir stadig viktigare. I vår smartteknologitid ser vi at teknologien gir mange fordelar, sjølv om det også er utfordrande sider. Er det slik at teknologien ikkje berre medverkar til auka effektivitet og betre ressursbruk, men også kan vere med å løyse klimafloka for det matproduserande jordbruket? Regjeringa har uttalt at det må betydeleg omstilling til for å nå klimamåla i sektorar som ikkje er ein del av kvotesystemet, altså også jordbruket. Det vil bli meir klimapolitikk i landbrukspolitikken. Denne konferansen vil gi oss ny kunnskap om kva vi har i vente, både av teknologi og politikk.

**08.30** Registrering og servering av te, kaffi og rundstykke

**09.00** Velkomen til Stavanger, Christine Sagen Helgø, ordfører i Stavanger

## Klimasmart landbruk - Parisavtalen ned på jorda

**09.10** Parisavtalen ned på jorda—Internasjonale klimaavtalar og rammevilkår for landbruket, Alvhild Hedstein, leiar av Bioøkonomi 2.0 og Grofondet

**09.30** Fotavtrykk frå Rogaland - Om miljø- og klimautfordringar i Matfylket, Geir Skadberg, Fylkesmannen i Rogaland, landbruksdirektør

**09.50** Diskusjon/ spørsmål

**10.05** Pause

**10.20** Den klimasmarte bonden, Lars Petter Bartnes, leiar av Norges Bondelag

**10.40** Framtidas bonde, Aud Mari Folden, bonde frå Levanger

**11.00** Diskusjon/ spørsmål

**11.10** Pause

**11.25** Grøn næringsmiddelindustri 4.0, Petter Haas Brubakk, administrerende direktør NHO mat og drikke

**11.40** Den digitaliserte næringsmiddelarbeidsplassen, Hans-Christian Gabrielsen, 2.nestleiar i LO

**11.55** Digital infrastruktur i landbruksnæringa – viktig for klima, kvalitet og leveransar! Eirik Gundejerde, Konserndirektør smart utility og forretningsutvikling i Lyse

**12.10** Utdeling av Heidersprisen for landbruket i Rogaland, Geir Skadberg, styreleiar i Rogaland landbruksselskap

**12.15** Lunsj

**13.15** Energibønder—pionerar i det grøne skiftet? Siri Kalvig, leiar av forskningsnettverk innan miljøvenleg energi ved Universitet i Stavanger

**13.35** Smart farming—Innovasjon i landbruket, Per Varhaug, direktør for forskning og utvikling frå Kverneland Group

**13.50** Diskusjon/ spørsmål

## Framleis aktivt landbruk i heile landet i framtida?

**14.00** Framleis aktivt landbruk i heile landet? Informasjon frå ny melding til Stortinget: «Endring og utvikling – En fremtidsrettet jordbruksproduksjon» Terje Halleland (Frp), konstituert statssekretær i Landbruks- og matdepartementet

**14.30** Pause

**14.45** «Framleis aktivt landbruk i heile landet i framtida?» Politisk debatt  
Debattleiar Mari Friestad, journalist i NRK.  
**Politisk panel:** Terje Halleland (Frp) kons. statssekretær LMD, Siri. A. Meling (H) stortingsrepresentant, Geir Pollestad (SP) stortingsrepresentant, Solveig Tengesdal (KRF) fylkesordfører, Iselin Nybø (V) stortingsrepresentant, Torstein Tvedt Solberg (AP) stortingsrepresentant  
Utfordringar frå mellom anna Lars Petter Bartnes, leiar av Norges Bondelag; Hans-Christian Gabrielsen, 2.nestleiar LO og Petter Haas Brubakk, administrerende direktør NHO mat og drikke.

**16.00** Slutt - vel heim

**John Gunnar Skien**

Kommunikasjonssjef hos Fylkesmannen i Rogaland. Har lang erfaring som reporter og programleiar frå NRK Hordaland og NRK Rogaland og frå Næringsforeningen i Stavanger-regionen. (møteleiar)

**Anfinn Rosnes**

Assisterende landbruksdirektør hos Fylkesmannen i Rogaland. Kom nyleg tilbake frå oppdrag som prosessrettleiar for kommunereformen. Lang erfaring innan landbruksforvaltning, mest knyta til plan/jordvern. (møteleiar)

**Terje Halleland**

Konstituert statssekretær i Landbruks- og matdepartementet. Tidlegare fylkesvaraordførar og gruppeleiar i fylkestinget for FRP.

**Alvhild Hedstein**


Leiar for Bioøkonomi 2.0 og Grofondet. Tidlegare direktør for NIBIO og politisk rådgivar for Lars Sponheim. Har og jobba i Bellona og fleire departement.



**Petter Haas Brubakk**  
Administrerende direktør i NHO mat og drikke. Tidlegare leiar av næringspolitisk avdeling og representant i styret til NHO Handel.

**Lars Petter Bartnes**

Leiar av Norges Bondelag. Har lang erfaring som tillitsvalgt i Nortura og Norges Bondelag. Driv gard med mjølk, storfekjøtt, slaktekylling og korn.

**Aud Mari Folden**

Bonde frå Levanger sidan 2004. Driv gard med grønsaker, potet, korn, gras og har høglandsfe. Tidlegare erfaring frå LMD, NHO og Orkla. Sit i dag i styret i Norsk Landbruksrådgivning Trøndelag.

**Geir Skadberg**

Landbruksdirektør i Rogaland. Tidlegare erfaring frå Tine og Innovasjon Norge.



**Hans-Christian Gabrielsen**  
2.nestleiar i LO frå 2013. Var tidlegare forbundssekretær i Fellesforbundet. Har hatt fleire verv på Tofte Industrier.

Foto: Trond Isaksen

**Siri Kalvig**

Førsteamanuensis og leiar for Forskningsnettverk innan miljøvenleg energi ved UiS. Tidlegare gründer og adm. dir i Storm Weather Center.

**Per Varhaug**

Direktør for forskning og utvikling frå Kverneland Group Klepp. Tidlegare prosjektleiar for Nor-Dan Smart samt Teknisk Direktør for PARAT i Flekkefjord.

**Eirik Gundegjerde**

Konserndirektør smart utility og forretningsutvikling i Lyse. Har hatt ei rekke styreverv innan Lyse-konsernet. Styreleiar i Arenaprojektet «Norwegian Smart Care Cluster»



**Siri A. Meling**  
Vald inn på Stortinget for Rogaland Høyre i perioden 2013-2017. Medlem av finanskomiteen.

**Mari Friestad**  
Journalist i Lokalen, NRK Rogaland sidan 2010.

(debattleiar)



**Geir Pollestad**  
Vald inn på Stortinget for Rogaland Senterparti i perioden 2013-2017. Leiar av næringskomiteen.



**Solveig Ege Tengesdal**  
Fylkesordfører frå 2015, representerer Kristeleg Folkeparti. Varaordfører i Eigersund kommune frå 2007 til 2011.

**Iselin Nybø**  
Vald inn på Stortinget for Rogaland Venstre i perioden 2013-2017, første nestleiar i Kirke-, utdannings- og forskningskomiteen.



**Torstein Tvedt Solberg**  
Vald inn på stortinget for Rogaland Arbeiderpartiet i perioden 2013-2017. Medlem av finanskomiteen og valkomiteen.



## Målgruppe

Folkevalde både i kommunane og i fylkeskommunen, bønder og representantar for bondeorganisasjonar, tilsette i kommunal, regional og statleg landbruksforvaltning, næringar knyta til landbruket og elles alle med interesse for landbruk og landbrukspolitikk.

## Praktiske opplysningar

### Tid og stad

20. mars 2015, kl. 09.00-16.00. Det blir servering av te, kaffi og rundstykke frå kl. 08.30. Konferansen blir arrangert på [Clarion Hotel Stavanger](#), Arne Rettedals gate 14 (tidlegare Ny Olavskleiv 8), 4008 Stavanger.

### Pris

Kursavgifta er sett til kr 900,-.

### Parkering

St. Olav parkeringshus. Innkjøring fra Løkkeveien, Knut Holmsgate og Olav V's gate.

### Offentleg transport

Avstand til jernbanestasjonen og bussterminalen er 400m. Avstand til fiskepiren 1 km. Flybussen stansar utanfor hotellet på førespurnad.

### Kontaktpersonar

Bente Espedal Halvorsen, telefon: 5156 8996, e-post: [fmrobeh@fylkesmannen.no](mailto:fmrobeh@fylkesmannen.no)  
Elisabeth Schmidt, telefon: 5156 8784, e-post: [fmroesc@fylkesmannen.no](mailto:fmroesc@fylkesmannen.no)